



Fleire pulverapparat er tømde på golvet og utover inventar i styrkerommet og på kjøkkenet.

**Det er gjort eit omfattande hærverk i Aktivitetshuset i dag ettermiddag eller tidleg kveld. Feire pulverapparat er tømde og sprøyta utover treningsapparat og anna inventar i styrkerommet og på kjøkkenet. Det er herja og rota til på eit nytt lager på hemsen mot sjøen. Skaden vart oppdaga i kveld kl. 19.30 og straks meldt inn styret for hallen.**

Hærverket må ha skjedd frå kl. 16.30 og fram til det vart oppdaga to timar etterpå. Bjørn Olav Tveit fortel at skaden er omfattande. Nedvask er kostbart. Hærverket er enno ikkje meldt til politiet. Det vert gjort om ingen melder seg frivillig.



Det er pulverapparat som er brukt for å grisa til romma.

Hallstyret oppmodar difor foreldre og andre til å snakka med borna sine og sjå om det evt. er merke på kledda. Utleige og bruk av hallen byggjer på tillit. Utanom faste treningstider kan det gjerast avtale om å treni i styrkerommet og elles i hallen. Dette har til no fungert fint. Med nøkkelboks og kode har ein låst seg inn. Frå tid

til anna har ytterdøra vore open utan at det har skjedd noko form for uønska åtferd. Hallstyret kjenner ikkje til om døra var open i ettermiddag.

***Dei, som har opplysningar eller vil melda frå om det ein veit, tek kontakt med Michael Røsland på mobil: 920 41 094***

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Michael Røsland



Det er herja og rota på fleire rom, mellom anna på eit nytt lager mot sjøen.